



Funna i Mangersnes vart gjort i 1980-åra fram til etter 2000, hovudsakleg av Bård Kolflåth, men òg av Universitetet i Bergen. Kolflåth oppdaga det rike feltet då han grov i ei myr på begge sider av bekken mellom Nesvatnet og Nesvågen. Her låg det eit metertjukt lag av hoggflis, greiner og stokkar med hoggemerke – og restar etter båtar, m.a. mange keipar, fragment av spant, årar og bord. Kolflåth tolka funnet som restane etter ein båtbyggjarverkstad eller reparasjonsverkstad som har vore drive gjennom fleire hundre år frå før år 0 til bortimot vikingtid. Føresetnaden var sjølvsagt at det låg eit bonde- og fiskarsamfunn omkring med trong for gode båtar både for fjord- og havfiske. Kolflåth leita difor etter andre spor i området. Og han fann grunnlag for å setja fram teorien om det han kalla «Mangerkulturen». For arbeidet sitt fekk Bård Kolflåth Radøy kommune sin kulturpris i 1998. Kommunen har òg teke opp arbeidet med å føra vidare verket, mellom anna å presentera funna i ei lokal museumsamling.



Riss av Manger II slik Bård Kolflåth tenkte seg båten.



Teikning av «hovdingkeipen» gjort etter originalen like etter funnet, og modell laga etterpå.

